



Hardangerrådet iks



Hardanger

### Referat frå møte i Rådmannsforum

**Dato: Fredag 20.03.2015**

**Tid: 09.00 -15.00**

**Møtestad: Kommunehuset i Granvin**

**Rådmenn:** Aud Opheim Lygre (Eidfjord), Trude H. Letnes (Granvin), Siv Helle Prestegard (Jondal), Arild Steine (Kvam), Ingrid Guddal (Odda), Hedvig Moe Øren (Ullensvang), Joakim Øren (Ulvik) og Einar Hauge, deler av møtet (Voss).

**Administrasjon:** Leiv Vambheim (Hardangerrådet iks) Sekretær og Magne Vassenden (Samhandlingsreforma) under sak 08/15.

**Møteinnkallinga er gjort i Outlook. Dokumenta er nummererte.**

#### Agenda:

**09.00 Samhandlingsreforma i Hardanger. Styringsgruppemøte**

**10.00 Rådmannsforum Sakshandsaming**

**11.30 Lunsj**

**12.30 Tema Internasjonal arbeid ved John Tveit Innovasjon Norge.**

**13.30 Open post evt Sakshandsaming held fram**

**15.00 Møteslutt**

#### Orienteringar i møtet:

- Neste møte i Kvam kolliderer med Myrkdalen. Rådmannsforum fell bort
- Arild Steine er kandidat til styret i KS Rådmannsforum.
- Aud Lygre møter på Rådmannslandsmøtet. Det er ikkje mogeleg å møta med fullmakt.
- Tilbod om Innkjøpskurs i Eidfjord.
- Oppsummeringsmøte mellom ordførarar og rådmenn som avslutning av perioden er ønskjeleg å få til.
- Spørsmål frå Nordhordland om rekning frå Bergen kommune om Sivilforsvarsmateriell. Kort gjennomgang viser at 4 av 7 kommunar har betalt. Dette er ei prinsipiell sak og Rådmennene i Hardanger ønskjer at dette vert teke opp i Rådmannsutvalet i KS Hordaland. Ingrid og Arild tek det med seg.
- Spørsmålet om vidare arbeid med Internasjonalisering vert teke opp etter at Team Hardanger har sett på eigne arbeidsoppgåver.
- Siv er 61 år i dag (gratulerer) og takka for hyggeleg samling i fjor.

**Det var ingen merknader til møteinnkallinga eller saklista etter korrigeringa frå Hardangerrådet iks.**

**Møtereferatet frå 23.01.2015 vart godkjent.**

#### Sakliste Rådmannsforum:

Alle saker er samrøystes vedtekne om ikkje anna er særskilt nemnt.

#### RF-sak 07/15 Meldingar

Leiv Vambheim la fram:

- Epost frå Hordaland Fylkeskommune om ny tilskotsordning frå NKOM for breiband «Kvitt område».
- Brev frå Hardangerrådet iks til Fylkesmannen om prioriteringslista frå Hardanger vedkomande Skjønsmidlar 2015.

### **RF-sak 08/15 Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss.**

Leiv Vambheim orienterte om at den endelege søknaden om Skjønsmidlar frå Fylkesmannen 2015 var på 610.250 kr som er 50 % av eigne midlar og eigeninnsats i kommunane. (Ikkje som skrive i saka 750.000 kr).

Frå drøftingane:

- Tilbod frå Voss: Etter at Hans Atle Soldal slutta i Kvam herad , så tek Magne Vassenden over som eineprojektleiar.
- Miljøretta helsevern har fokus hos dei 4 kommunane som per i dag ikkje har denne ordninga godt nok etablert.
- Nettverkbygginga er viktig for kommunehelse og samfunnsmedisin.
- Kompetanseplanar for Rus / Psykiatri er under arbeid. I dette feltet er ein sterkt avhengig av samarbeid på tvers av kommunane. Rådmannsforum ønskjer ei oversikt av delprosjektet til neste møte.

#### **Vedtak:**

Møtereferat 27.01.15 Hovudprosjektgruppa og 18.02.15 Samarbeidsrådet Voss Sjukehusområde, Rapport Fylkesmannen 2014 og Søknad Fylkesmannen 2015 vert teke til vitande.

Magne Vassenden vert eineprojektleiar i resten av prosjektperioden. Ressursen er kalkulert til 50 % av eit årsverk i 2015.

### **RF-sak 09/15 Hardangerkrafta – Korleis forvaltar kommunane den.**

Ingrid Guddal orienterte om arbeidet i LVK – Energirådet:

Aktuelle saker er t.d. Årshjulet, LVK-skolen, Kommunereform, Reiten-utvalet, Omdømmebygging, Markedsføring. Vidare er det viktig at vertskommunane har god kompetanse på konsesjonskraft, kraftofrvaltning og Fylkeskommunen, Eigarskap, Heimfall, Nye konsesjonar, Rehabilitering, Eigedomsskatt, Kraftforvaltning,

Frå drøftinga:

- Kva med å etablera eit felles Eigedomsskattekontor i Hardanger og Voss? Kva med felles kraftforvaltning? Samling av dei kommunale fagpersonane i Kraftforvaltninga saman med rådmennene.
- Arbeidet med å få eit Hardangerfond frå overskotskrafta i Hordaland Fylkeskommune vert jobba med.

**Ingen vedtak.**

### **RF-sak 10/15 Beredskapsavtalar mellom kommunar.**

#### **Vedtak:**

Hedvig Moe Øren utarbeider forslag til beredskapsavtale mellom kommunane.

### **RF-sak 11/15 Kommunestrukturen og kommunal planlegging.**

Frå drøftinga:

- Skal ein halda fram som no eller skal ein setja planlegging på vent?
- Bør kommuneleiinga sjå på dagens organisering sett i forhold til rasjonell framtidig drift uavhengig av kommuneprojektet?
- Risiko for at viktige kvalitetsforbetningsarbeid i dei kommunale tenestene vert hemma

#### **Vedtak:**

Rådmannsforum følger temaet tett opp i tida som kjem.

### **RF-sak 12/15 Kommuneleiarsamling hausten 2015.**

#### **Vedtak:**

Trude og Siv vert komité for kommuneleiarsamling hausten 2015. Samling ein dag, utan overnatting.

### **RF-sak 13/15 Orienterings- og drøftingssaker.**

- **Brannstudien i Hordland.**

Arild Steine orienterte om dette mulighetstudien i Bergensalliansen som ser på samarbeidsløysingar, i første fase tenkjer ein samordning av kompetanse og innkjøp. Vidare tenkjer ein på samordna treningssenter i Hordaland. Branntilsyn treng fagkompetanse og samarbeid. Arild sender Mulighetstudien til Rådmennene.

**Vedtak:** Orienteringa teke til vitande.

- **Endring i lov om Interkommunale Selskap.**

**Vedtak:** Informasjonen er teke til vitande

- **Skatteoppkrevinga Overføring til Staten. Høyringsuttale frå KS**

**Vedtak:** Informasjonen er teke til vitande.

Tema Internasjonalt arbeid ved John Tveit, Innovasjon Norge. Vedlagt PP

- **Neste Rådmannsmøte:**

Møtet i Rådmannsforum 24.04.2015 vert avlyst og neste ordinære møte er 05.06.2015 i Jondal. (Mogeleg overnatting på «Sideriet»).

Leiv Vambheim  
Sekretær